



MØTEBOK

Møte: 4-2022
Møtedato: Onsdag 1.6.2022
Møtestad: Viefluno
Tid: 18.00

Desse møte:

John Olav Habbestad, Åse Innvær, Elisabeth Bjørnevik, Trygve Totland, Camilla Rubach, Heidi Vold Ådnanes, Hans Otto Robberstad, Asbjørn Gundersen, Nancy Helen Olsen og Trygve Leigland.

Desse var ikkje på møtet:

Elin Taranger og Odd Ingvar Nilssen

John Olav Habbestad leia møtet.

2022-04-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Godkjent

2022-04-02 GODKJENNING AV MØTEBOK 2 – 2022

Godkjent.

Kyrkjeverje stilte spørsmål til om det var ynskjeleg med referat også frå møtet 19. mai. Einigheit om at det kunne vera greitt med eit kort notat frå drøftinga.

2022-04-03 MELDINGAR OG SKRIV

1. Bømlo kyrkje prosjektet
Fylkeskommunen har landa endeleg i forhold til svalgongen. Saka har også vore drøfta i soknerådet som går for innbygging av svalgongen ut til 50 cm innanfor søylene.
2. Tilboda på utvidinga av Vorland gravplass
5 tilbod. Frå 5,7 mill. til 8 mill.
3. Skifte av golv i gang og våpenhuset etter vasslekkasjen i Bremnes kyrkje
Nær fullført. Såg betre ut enn det ein frykta. Forsikringssak.

2022-04-04 SAMORDNINGSAVTALE AV HMS BISPEDØME – FELLESRÅD

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å gå inn på samordningsavtalen med Bjørgvin bispedøme

2022-04-05 KJØP AV UTSTYR MED INVESTERINGSMIDLAR

Det vart lagt fram ei oversikt over investeringane Bømlo kyrkjelege fellesråd har hatt sidan 2016.

Vedtak:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å fornye plenklypparutstyret med to nye ridarar på til saman 250 000,- over investeringar.**
- 2. Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek å fornye forsterkar i Bremnes kyrkje på til saman 150 000,-**

2022-04-06 SØKNAD FRÅ KYRKJEVERJE OM ENDRA ARBEIDSSTAD

Vedtak:

Bømlo kyrkjelege fellesråd vedtek at kyrkjeverje Trygve Leigland kan utføre sitt arbeid som kyrkjeverje i Bømlo kommune frå Olden i Stryn kommune komande skuleår (01.08.2022 til 01.08.2023).

Ordninga vert gjeve med fylgjande vilkår:

- 1. Kyrkjeverje lyt møte fysisk til alle fellesrådsmøter så lenge denne arbeidsstadordninga varer. Kyrkjeverje lyt sjølv ta kostnader i samband med reise.**
- 2. Kyrkjeverje og konsulent fordeler arbeidsoppgåver, slik at pålagde- og naudsynte oppgåver med publikumskontakt vert ivareteke.**
- 3. Konsulent Janne Gilje Røsland får personalansvar i si stilling, og har naudsynt kontakt med dei tilsette ved kyrkjekontoret.**
- 4. Ordninga bør kunna vurderast på ny dersom det vert store endringar ved personalsituasjonen eller andre ukjende situasjonar som måtte oppstå ved kyrkjekontoret.**
- 5. Fellesrådet ynskjer ei tilbakemelding for vidare arbeidstilhøve innan 01.04.23**

John Olav Habbestad
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje